

Årsmelding 2021

Arna sokn



Frå ei av tre utegudstenester 22. august 2021.



DEN NORSKE KYRKJA

Arbeidet i kyrkjelyden

Gudstenesteliv

- Høgmesse
- Temagudsteneste
- Gudsteneste for store og små
- Dåps gudsteneste
- Gudsteneste med konfirmantdeltaking
- Økumeniske gudstenester
- Gudsteneste med Klubben
- Søndagsklubben
- Gudsteneste/andakt på Arna helseheim
- Andakt på dagsenter

Bøn

- Bønnesamling kvar tysdag
- Økumenisk bønnesamling kvar månad

Grupper/ relasjonsbygging

- Babysang
- Sakkeus open barnehage
- Familiekoret
- Livsnære grupper/ husfellesskap
- Strikkekafé

Trusopplæring

- Breddetiltak 0-18 år

Kyrkjemusikk

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Forsongarteneste og band
- Konsertar

Diakoni/ misjon/ evangelisering

- Temakveld, Grautlaurdag, Open kyrkjestove, mv.
- Klubben
- Hjartebanken
- Misjonssundag
- Misjonsprosjekt - NMS og Normisjon
- Strikkeprosjekt - Okhaldhunga Hospital i Nepal
- Arna Seniorcenter - representantar i styret

Ressursar

- Medarbeidarar; løna og ulønna: stab/ nemnder/ råd/ utval/ arbeidsgrupper
- Kyrkjebygg, Kyrkjelydshuset, Kyrkjestova, Borgstova
- Kyrkjelydsbladet, sosiale media, heimeside
- Samarbeid med skular og barnehagar i Arna
- Samarbeid med lag og organisasjonar
- Økonomi
- Strategitenkning
 - Plan for trusopplæring
 - Plan for konfirmantarbeidet
 - Plan for kyrkjemusikk
 - Plan for diakoni
 - Namu - Naturlig menighetsutvikling

Hans Martin Svarstad
leiar i Arna sokneråd

Kristin Hjertaker
sokneprest

Marianne W. Fanebust
administrasjonsleiar

Arbeidet i Arna sokneråd

Soknerådet har hatt 9 møter. 79 saker til orientering/handsaming. I fjor hadde årsmeldinga tittelen «Onnorleisåret». Dette ville vera ein passande tittel for året 2021 også.

- Grunna nedbemanning i Bkf måtte vår medarbeidarkoordinator slutta i si stilling. Møyfrid vart takka av før sommarferien. Ho har gjort ein massiv innsats i frivilligarbeidet. Nokre av koordinatoren sine oppgåver er no overtekne av prest, andre i staben og frivillige i soknet. Det er gjort ei stor innsats med å reetablere nye gudstenestegrupper. Administrasjonsleiar må dela sin ressurs med arbeid i Åsane sokn.
- Som erstatning for lokale medarbeidarkoordinatorar har Bkf tilsett fire årsverk i Frivillighetsteamet. Arna sokn har søkt og blitt tildelt konsulent i 20% stilling for et år til hjelp i strategisk arbeid med styrking av frivillighetsarbeidet vårt.
- Bjørgvin bispedømmeråd oppretta eit fast årsverk til prestestilling i Arna kyrkjelyd. Dette fordi vi er eit folkerikt sokn. Presteressursen vi i dag disponerer står ikkje i forhold til medlemstalet vårt. So langt har vi ikkje fått tilsett nokon i stillinga. Presteressursane i Arna er p.t hardt utnytta.
- Kantor v/soknerådet fekk kr 140.000,- frå Kyrkjerådet på søknaden om støtte til arbeidet med å fornya og aktualisera salmeskatten for barn og unge; «Alltid freidig». Soknerådet innstilte Olav Arne Steinkopf til Bkf sin kulturpris. Denne var innvilga og overrekket med kr 25000,- til Olav Arne på Bergen kirkelige fellesråd sin felleskapsfest i august.
- Soknerådet gav utfyllande tilbakemelding på høyrings spørsmål knytt opp mot «Ny kyrkjeleg organisering». Overordna målsetting med organiseringa: Samla arbeidsgivaransvaret for alle som arbeider lokalt i kyrkja. Som struktur i tilbakemeldinga gjorde vi oss nytte av Müller-Nilssen utvalet si utgreiing: Samhandling i ei sjølvstendig folkekyrkje-ny kyrkjeleg organisering.
- Etter mange og omfattande diskusjonar konkluderte sokneråda Ytre Arna og Arna med å gå ut av samarbeidet med felles kyrkjelydsblad i Åsane prosti. Redaksjon og økonomiplan er på plass og fyrste nummer i eige blad kjem ut til påske i 2022.
- Soknerådet arbeider med å utvikla ein kommunikasjonsplan for alle tenester, arrangement, tiltak o.l. vi har. Dette for å gjera kjent for flest mogelege i bydelen alle kyrkjelege aktivitetar
- Johanna Hjartholm takka av etter 20 år som representant for soknerådet i Arna seniorsenter sitt styre. Berit Ljones har gått inn som vår representant.
- Til styrke i det einskilde sokn sin økonomi presenterte Bkf prosjektet «Operasjon givertjeneste». Etter presentasjonen og kurs korleis ein best mogeleg kan implementera fast givarteneste har vi innført ordninga i vår kyrkjelyd. Tenesta er det orientert om i ulike samanhengar; i kyrkjelydsbladet, etter gudstenester som kunngjering, samlingar i kyrkjelyds- huset osb. Det er nødvendig at vi held fram med å gjera kjent «Fast givarteneste».
- Administrasjonsleiar og soknerådsleiar deltok på fellesrådet sitt kurs i økonomiarbeid.
- 22. august arrangerte vi tre utegudstenester – i eit strålende ver og med godt frammøte.
- Grunna pandemi og smittesituasjon vart det gjennomført 15 konfirmasjonsgudstenester – ikkje 6 som vi ville hatt i eit vanleg år.
- Soknepresten er smittevernansvarleg for gudstenester og andre arrangement vi set i verk. Dette har gjennom heile året representert eit betydeleg meirarbeid for prest, staben, dei frivillige og soknerådet.

Eg vil takka soknerådet og staben i kyrkjelyden. Fyrst og fremst for eit konstruktivt og positivt samarbeidsklima i møtene våre. Det betyr ikkje at vi alltid er enige om vegen framover. Men diskusjonane inneheld ein tone med humør og positiv gjensidig respekt. Til slutt ein takk til Marianne som alltid har orden og struktur i sakspapir og formell korrekt saksgang.

Hans-Martin Svarstad, leiar i soknerådet

Gudstenesteliv

Gudstenestelivet vart også i 2021 påverka av stadig skiftande restriksjonar. Likevel vart det mange rom for mange gode og varierte gudstenester. Første del av året var det nedstenging og ein periode berre tillate med 10 personar i kyrkja. I denne tida vart det ei veksling mellom Open kyrkje med tilbod om individuell nattverd – eller fleire korte gudstenester etter kvarandre.

Ei tid etter påske vart det opna opp att, og vi gjennomførte nokre konfirmasjonsgudstenester. Pinsedag fekk vi feira høgtidsgudstenest i kyrkja, og 2. pinsedag var det friluftsgudsteneste ved Rednings-hytten. I byrjinga av juni markerte vi Skaparverkets dag på ei flott gudsteneste med kreative lokale innslag, både visuelt og tekstleg.

Spesielt dette året var at vi inviterte til felles markering av 10 årsdagen for 22. juli-terroren. Til tross for det var midt på sommaren deltok fleire lag og organisasjonar på gudstenesta.

Haustsemesteret vart opna med tre utegudstenester utanfor Kyrkjelydshuset; to gudstenester for små og store med trusopplæringstiltak og ei gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane. Nydeleg ver og stor dugnadsinnsats frå mange bidrog til at mange fekk gode gudstenesteopplevingar denne dagen.

Ein viktig føresetnad for gjennomføring av gudstenester hos oss, er alle medarbeidarane i gudstenestegruppene, samt kyrkjeskys og kyrkjekaffi-grupper. Pandemi-restriksjonane har gjort arbeidet for dei frivillige svært krevjande til tider. Og vi har ei vakant prestestilling. Når vi så mista stillinga som medarbeidar-koordinator i april, vart det ekstra utfordrande å organisera både ordinære og ekstraordinære oppgåver. Ei lita gruppe frivillige, med Ingmar Ljones og Stig Stordal i spissen, har bidrege sterkt til at vi no har fått eit revidert opplegg som gjer at gudstenestegruppene er meir sjølvgåande, noko som avlastar presten betydeleg.

Gjennom hausten hadde vi temagudstenester med fokus på nokre av bønene i Vår Far, i fleire tilfelle var dette også knytt til den aktuelle kyrkjeårsdagen. I oktober hadde vi Ung messe med temaet «Frels oss frå det vonde», der mange konfirmantar bidrog på ulike måtar, mellom anna med eit svært uttrykksfullt dans- og dramastykke.



Ulike menneske nærmar seg det heilage på ulike måtar. For nokre er det fint å delta når vi har Open kyrkje. Det har vi hatt fleire gonger gjennom 2021, både under nedstengingane første halvår, i samband med ei ulykke på hausten, ved allehelgen og i samband med jule- og nyttårshelga. Sjølv om vi enno ikkje har fått på plass faste tider for Open kyrkje, ser vi ei positiv utvikling i bruken. Fleire nye kjem for kvar gong. Somme tenner lys og går ut att, andre blir sitjande lenge og somme ønskjer samtale med prest. Vi arbeider med å utvida dette tilbodet i tida som kjem.

Sokneprest Kristin Hjertaker



Bibeltimar

Hausten 2021 var det endeleg mogleg å ha tilnærma ordinære arrangement igjen, med nokre begrensningar. NaMu-utvalet stod for fire bibeltimar, der Jan Kåre Jakobsen underviste med utgangspunkt i Filipparbrevet og temaet «Å fylgja Jesus». Mange deltok på desse kveldane.

Bønnenemnda

I 2021 har vi vært i kyrkjestova. Der er det god plass og vi har hatt god anledning til å ha korona-avstand. Vi har vært samlet hver tirsdag kl. 10-11.

Vi har vært en liten gruppe som har vært samlet, og det er med sorg vi nevner at Sonja Monstad, en trofast bønnedame i menigheten, gikk fra oss før jul. Hun er sårt savnet.

De økumeniske bønnesamlingene har også vært gjennomført hver siste fredag i måneden dette året. De går på rundgang i kirker og bedehus i Indre - og Ytre Arna.

Kari Margrete Myhr

Husfellesskap

Året 2021 har også vært preget av koronasituasjonen og vi har blitt oppfordret til å ikke samles på samme måte som tidligere. Dette har selvsagt ført til mye mindre aktivitet i husfellesskapene. Likevel har de fleste gruppene klart å møtes noen ganger. Husfellesskapene er fremdeles stort sett stabile. Vi har nå 7 grupper med et gjennomsnitt på 7 personer i hver. Her møtes vi til et enkelt måltid, hvor vi prater om hverdagslige ting. Ved bordet har vi alltid en ledig stol. Den skal minne oss om at det alltid er plass til flere, og at Jesus har sin stol sammen med oss. Etter måltidet samtaler vi om troen vår. Noen grupper synger salmer. Vi avslutter kvelden med bønn. Vi ber for hverandre og for menigheten. Vi ber for det som tynger oss og takker for det som gleder oss. Gruppene er et sted hvor vi kan dele våre trosopplevelser og hverdagslivet. Målene med gruppene har vært siden oppstarten:

- **Gi nytt mot**
- **Bli bedre kjent i kjærlighet**
- **Bli bedre kjent med Jesus**

Et sentralt bibelvers er Kolosserne 2,2-3:

*Eg ønsker at dei må få nytt mot i hjartet,
bli knytte saman i kjærleik
og nå fram til heile rikdomen av overtyding og innsikt,
så dei kan fatta Guds mysterium, som er Kristus.
For i han ligg alle skatter av visdom og kunnskap gøymde*

«Eta jula ut», er en fellessamling for alle gruppene. «Eta jula ut» ble avlyst på grunn av smittesituasjonen.

Det ble holdt et ledermøte på høsten. Her ble kirkekaffegruppene som er knyttet til de livsnære gruppene diskutert. Dette er kanskje ikke den rette måten å få kirkekaffen til å fungere best mulig. Gruppene har hatt ansvar for kirkekaffen, men i år har den også måtte ha pauser. Vi gleder oss til igjen kunne møtes til en kaffetår. Felleskapet vi har etter gudstjenesten knytter oss mer sammen som menighet, og der skapes muligheten for nye i menigheten vår til å bli kjent.

Utfordringene fremover vil fortsatt være å ha et åpent og inkluderende felleskap for å dele tro og liv. Fortsatt skulle vi gjerne hatt flere grupper. Det er som sagt en ledig stol i alle gruppene, så gi beskjed om du ønsker å bli med i en gruppe. Det står foldere i våpenhuset med info.

Nina Hjorth Zinke

Søndagsklubben

Det har vore 8 samlinger med ca. 32 ulike barn.
Samlinga består av samlingsstund, mat, hobby og leik.



Til forskjell frå tida før korona er det no sjeldan dåp i gudstenesta.
Noko som medfører færre dåpsfamiliar på Søndagsklubben.

Nokre jenter frå 7. trinn er med som hjelparar og har ulike oppgåver.

Gro Eman, Arna kyrkjes søndagsskule



Det hende i dei dagar

Endeleg vart julespelet gjennomført etter å ha blitt avlyst i 2020. Det var to utandørs førestillingar i nydeleg vinterver, etterfølgt av varmande gløgg. I kyrkja var det lystenning, juletonar ved kantor og englesong.

Julespelet var eit samarbeid mellom kyrkjer og bedehus i Arna og Ytre Arna. Rundt 60 frivillige, bak og på «scena», gjorde dette mogleg. Rundt 150 personar kom.



Påskevandring

Margreta Myklebust lagde flotte plakatar til kunnskap og refleksjon, og saman vart det ei påskevandring. Rundt kyrkjelydshuset var det ei vandring for born. På den måten kunne heile bygda kome på vandring når dei måtte ynskje. Det var og eit påsketablå i inngangen til kyrkjestova.



Sakkeus open barnehage



Året starta med vekselvis gult og raudt nivå for barnehagedrifta. For Sakkeus sin del det betydde det at vi fekk ein "vanleg" mandag på nyåret før det vart krav om utebarnehage. Med nydeleg vinterverver gjekk det fint å møtast i Sakkeusparken, og det vart både sangstund i snøen og kos rundt bålpanna.



Så snart reglane tillot innandørs drift starta vi opp med litt redusert opningstid, grundig reinhald og nedskalert aktivitetsnivå. Blant anna kutta vi ut matservering og alle aktivitetar som betinga nærkontakt. Framover våren vart det fleire rundar med utebarnehage, med Sakkeusparken som utgangspunkt.



Som ein liten "kompensasjon" for kortare opningstid, leigde vi plass på Undervisningsgården på Garnes ein onsdag i månaden frå februar til juni. Dette var svært populært. Barnehagen baud på sangstund, av og til grilling. Ellers var det sosiale samværet i fokus.

Påskevandringa med kateket Gro vart utandørs, likeså 17. mai-fest med leik, premieutdeling og pølselunsj.



Advent og førjulstid kunne følge tradisjonelt opplegg, sjølv om alle aktivitetar måtte koronatilpassast. Gro og Cathrine inviterte til julevandring i kyrkja, og det vart førjulsfest med graut, juletrengang og nissebesøk. Barna fekk kvar si bok med juleforteljinga i gåve. Open barnehage var også medarrangør til julespelet, og sponsa bl.a. kostymer.

Vi som arbeidar i Sakkeus open barnehage kjenner arbeidet vårt som ei ekstra meningsfull oppgåve i ei spesiell tid. Fleire foreldre fortel om isolasjon, einsemd og mangel på nettverk, og at open barnehage er det faste og trygge haldepunktet dei har.

Oppmøtet har naturleg nok variert veldig dette året, men det har likevel vore svært bra.

Styrar i barnehagen tok imot tilbod om etterutdanning frå hausten 2021, finansiert av UDIR. Barnehagen får dekka alle utgifter (vikar mm) i samband med dette.

Tilsette dette året har vore:

Benedikte Auglænd, assistent (fast tilsett i 20 % stilling frå august)

Møyfrid N. Opheim, styrar

Møyfrid Opheim, styrar

Arna familiekor

Familiekoret er eit nytt lavterskeltilbod til barnefamiliar i Arna. Trass i pandemien starta vi opp i august med faste samlingar annankvar tysdag ettermiddag i Kyrkjelydshuset. Familiekoret er ein sosial møtestad for born og vaksne som likar å syngja og ha det kjekt i lag. Dei fleste borna er mellom 1 og 6 år. Dei kjem saman med foreldre eller besteforeldre. Hovudleiarar er Møyfrid Opheim og Kristin Hjertaker.

På dei fleste øvingane det første halvåret var det ganske få deltakarar pga. mykje sjukdom i målgruppa – og at tidspunktet for samlingane ikkje var optimalt. Men totalt deltok 33 personar. Frå januar 2022 vart tidspunktet endra frå 17.30 til 16.30, med tilbod om enkel servering første halvtimen – og song og leik den andre. Endringa har medført at fleire kjem. Om lag 10 familiar deltek jamleg på Familiekoret.

Kristin Hjertaker, leiar



Babysang

Det var 33 samlingar på Babysang i 2021. 43 barn har delteke ein eller fleire gonger. Pga. korona har eg gått til innkjøp av fleire matter. No får alle ein matte kvar og avstanden til dei andre vert justert frå 1- 2 meter alt etter kva restriksjonar som gjeld. Etter samlingsstunda er det leik. Då har familien høve til velje om barnet skal vera saman med dei andre barna, eller leike på si eiga matte og å observera dei andre.

Ei samling inneheld mellom anna namnesong, rim & regler, kveldsbøn og velsigninga. Her får deltakarane møte kristne og andre barnesongar. Etter sangstunda er det ei sosial stund med kaffi, te og frukt. For mange er dette ein svært viktig del av samlinga.

Vi har 9 frivilljuge som tar ansvar for serveringa, og ev. hjelper til med andre praktiske oppgåver etter som dei ynskjer. Eg er så heldig at eg har med ei fast medarbeidar på kvar samling. Det er godt med ekstra ressursar for å kunne leggje til rette for best mogleg oppleving. Det har vore veldig kjekt med dette samarbeidet.

Gro Eman, trusopplærar

Parkurs

Saman med kyrkjer og bedehus i Arna inviterte kyrkjelyden til samlivskurs utvikla av John Gottman. Han er rekna blant verdas fremste forskarar på parforhold og faktorar som fremjar livslange ekteskap. Kurset var livssynsnøytralt. Foreningen Familieskolen var formell arrangør og fekk tilskot frå BUFdir. Det var lokale kurshaldarar. Kurset var digitalt - ein ville nå ut til fleire, som småbarnsforeldre, dei som jobbar skift og dei som ikkje kunne møtt opp på fysisk samling. Ein sikra seg og mot ev. korona-avlysing. Det var 11 par som deltok.

Trusopplæring

Alder	Tiltak	Gjennomført i 2021
0	Babysang	X
0	Dåpssamtale, dåp	X
1	Deltaking på Familiekoret	X
2	Krybbesamling	X
3	Krølletreff	X
4	4-årsbok, Fest på slottet	X
4	4 år på Søndagsklubben	X
5	Musikkshow	
6	6 år, skulestartgudsteneste	X
6	6 år på Søndagsklubben	X
7	Barabbas-samling	X
8	Tårnagethelg	X
9-12	24 Hours Festival	
11	Lys vaken	X
13	Connection	X
14	INTRO	
14-15	Konfirmantar	X
18	Reunion	X

Trusopplæringsutvalet

Består av Erik Rodal, Kristine Bjørkhaug, Torill Vik Johannessen, Cathrine Snipsøy og Gro Eman. Utvalet hadde tre møter i 2021.

Hovudfokuset var drift av trusopplæringa, evaluering, endringar og nokre nye tiltak. Me har snakka om å gjere bruk av kyrkjelydsbladet og sosiale media, til bilete og reportasjar av arrangement som har vore. Etter innspel frå staben har me byrja dialogen om konfirmasjonsgudstenestane bør flyttast til hausten.

Tiltak

1 år

I år vart 1 åringane invitert med på Familiekoret. Etter samlinga fekk dei servert graut og dei vart invitert til å fortsetje på koret. 5 familiar var med på første samlinga.

2 år

Adventssamling. 6 barn, foreldre, søsken og besteforeldre kom til samling i kyrkja med grøt og hobby. Julekrubbe-utstillinga i kyrkjestova var open sånn at barna kunne sjå. Nokre kunne ikkje koma pga. sjukdom. Dyktige medarbeidarar på kjøkkenet la til rette for ei hyggeleg og sosial stund med måltid og hobby. Tilbakemelding var at juleverkstad kunne vore ein årleg tradisjon. Men det har vi vel eigentleg på grautlaurdag i desember. Småbarnstid, barnehage og jobb gjer ar det er travelt å rekkje middag før samling. Til neste år bør vi byrja med graut eller middag. Kanskje det gjer det lettare å koma.



3 år

Krøllesamling. I år flytta vi samlinga utandørs. Heldig var vi heldige med været. 12 barn fekk høyra om sauene som gjekk seg vill, song songar, før dei fekk klappa eit levande lam. Etterpå gjekk dei inn i kyrkja for å leita mellom kyrkjebenkane etter «bamse» lam. Til slutt fekk dei ei bok med seg heim.



4 år

I år flytta vi gudstenestene utandørs for å sikra smittevern og plass til alle. «Fest på slottet» heiter den nye boka som 4 åringane fekk. Så då måtte vi lage til fest! 13 born, mange av dei utkledd, fekk 4-årsbok og krone. Etter gudstenesta fekk borna kome inn og sjå slottet til Kong Jesus. Der kunne dei også få sitte på ein fin stol og ta eit bilete. Ved utgangen fekk dei is.

Ein søndag etter vart dei invitert på Søndagsklubben. Ein kom.



6 år

Skulestart/Førsteklasses. 6 åringane kom og fekk oppleve utegudsteneste same dag. 9 1.klassingar kom – dei fekk med seg ein barnebibel heim. Som vanleg hadde Søndagsklubben masse kjekke aktivitetar etterpå. På Søndagsklubben kom det ein person.

5 år

Musikkshow med Bjarte Leithaug og barnekora frå Betania, Arna bedehus og Ytre Arna kyrkje vart i år avlyst.

7 år

Barabbas-samlinga med påske i fokus, mat og hobby vart endra til vandring ute. Barna fekk ein pose med hobbyaktivitet med seg heim. 10 barn kom. Eg inviterte også dei som skulle vore i 2020. 6 personar kom. Totalt ca. 50 personar med sysken og foreldre.

9 år

Tårnagent-samling. Vi hadde utandørs koronatilpassa arrangement med poster rundt kyrkjelydshuset. Inne i kyrkja var det også ein post, i tillegg til at de fekk gå gruppevis opp i kyrkjetårnet. Is til alle til slutt. 15 i målgruppa deltok. Det var ei god oppleving i kjempefint vær!



9-12 år

24 Hours Festival. Saman med Ytre Arna kyrkjelyd, Arna misjonskirke mfl. jobba vi fram eit utandørs alternativ til 24HF på Garnes undervisningsgard. Då det nærma seg vart arrangementet avlyst pga. skiftande smittevernrestriksjonar.

11 år

Lys vaken. 24 barn frå 6. og 7. trinn, og 14 fantastiske ungdomar gjorde Lys vaken til ein kjekk oppleving. Oppmøte i kyrkja laurdag ettermiddag. Overnatting i kyrkja til søndag. Aktivitetar som mellom anna; refleksjakt i kyrkja, gudstenesteverkstad, film, kyrkjeåret, orgel safari feiring av nytt kyrkjeår med colavulkan, stjerneskot og festmiddag, kveldssamling i alterringen.



13 år

Connection. I år la vi denne samlinga til Ungdomsklubben sin første samling i haust. Det var vi veldig nøgde med i 2020. I år fungerte det ikkje så bra. Kun to ungdomar kom. I tillegg var dei som plar å gå der. Det var mykje likt som vanlege Ungdomsklubb-samlingar. Det var andakt, leiker, mat med meir.

18 år

Reunion. Denne kvelden inneholdt forkynning, pizza, is, leik og song. Dei fekk brevet dei skrev til seg sjølv som konfirmant. 11 personar kom.

Samarbeid bedehus

I trusopplæringsarbeidet har vi eit godt samarbeid med bedehusa og andre kyrkjer i Arna. Dei er normalt involvert med 5 åringar og 24 Hours Festival. I år vart begge tiltaka avlyst. Nytt var samarbeidet om parkurs og julespel. Kateket har hatt andakt på Betania Lone ein gong i 2021.

Barn og unge - Anna arbeid

Ungdomsklubben

Ungdommen har vært samlet i Kyrkjestova annenhver tirsdag, fra kl. 19-21. Mellom fem og ti ungdommer har vært til stede.

Vi har pratet, spist, spilt spill og hatt andakt. I høst har vi sett på filmen «Chosen». De tirsdagene det ikke har vært ungdomsklubb, har det vært bibelgruppe for ungdommene hos Kari og Svein Inge Myhr. Torill Vik Johannessen, Kristine Bjørkhaug, Kari Myhr og Kari Secher har vært sammen med ungdommen.

Kari Secher

Samarbeid mellom barnehagar og kyrkje

Vi har godt samarbeid med barnehagene. De fleste besøker kirken i forbindelse med påskevandring og julevandring. Sakkeus Open barnehage og de to Akasia-barnehagene (Arna kyrkjelyds barnehage og Neshaugane barnehage) treffer vi flere ganger i semesteret.

I 2021 kjøpte Bergen kommune opp Akasia-barnehagene og fra 1. januar 2022 er de en del av de kommunale barnehagene i Bergen. Arna kyrkjelyd sin barnehage har fått nytt navn, og heter nå Ådnanipa barnehage. De to tidligere Akasia-barnehagene ønsker fortsatt å ha tett kontakt med kirken.

PÅSKEVANDRING

På grunn av korona-restriksjoner våren 2021 ble påskevandringene utendørs. De fleste vandringene var rundt Arna kyrkjelydshus. Neshaugane hadde ikke mulighet til å komme til oss, men inviterte oss til barnehagen. Kateketene Gro og Cathrine laget påskevandring ute rundt barnehagen. Vi hadde 13 påskevandring totalt, derav 4 i Neshaugane barnehage.

JULEVANDRING

I desember 2021 gjennomførte vi julevandring i Arna kyrkje. Vandringene ble omtrent som før, men med god tilpassing i forhold til smittevern. Vi hadde 12 julevandring.

Samarbeid mellom skule og kyrkje

Samarbeidet mellom kirken og skolene i Arna er bra. 2021 har vært preget av korona og smitteverns-tiltak, så det er dessverre ikke mye vi har gjort sammen i år. Vi har likevel hatt god kontakt og planlagt noen samlinger. Vi opplever alltid å bli positivt tatt imot når vi besøker skolene og det er alltid hyggelig å få skoleklasser på besøk i kirken.

Alle skolene kommer vanligvis til skolegudstjeneste. I desember 2021 ble det kun Garnes ungdomsskole sine to gudstjenester som kunne la seg gjennomføre før det ble restriksjoner igjen.

Konfirmantar

VÅREN 2021

UNDERVISNING

Konfirmantene er fordelt i grupper med ca. 15 ungdommer i hver. Våren 2021 var det fremdeles veldig strenge koronarestriksjoner, og mye av undervisningen gikk digitalt.

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON

Fasteaksjonen ble gjennomført digitalt. Vi hadde digital innsamlingsbøsse i tillegg til kollekt og gaver.

DÅP OG KONFIRMASJON

2 konfirmanter ble døpt i mars 2021.

Konfirmantfamiliene fikk velge mellom konfirmasjon i mai eller i september. 20 konfirmanter ville veldig gjerne beholde mai. Resten (64 konfirmanter) utsatte til høsten. To dager før høstens konfirmasjoner havnet en hel 10.klasse i karantene. Det førte til at 19 av konfirmantene våre måtte utsette konfirmasjonen enda en uke til! I løpet av september fikk alle hatt konfirmasjon. Vi landet på 15 konfirmasjonsgudstjenester i 2021. 1 konfirmant fulgte undervisningen i Arna, men ble konfirmert i Kinsarvik. 84 ble konfirmert i Arna kirke.

HØSTEN 2021

PÅMELDING

Påmeldingen foregår digitalt, med mulighet for å sende skjema i posten. I tillegg er det noen som foretrekker å ringe til kirkekontoret å melde på.

SAMLINGER

I strålende solskinn hadde vi utendørs presentasjonsgudstjeneste på parkeringsplassen utenfor Arna kyrkjelydshus. De aller fleste konfirmantene med familier var der. Gruppene kom raskt i gang og vi har hatt fysiske samlinger hele høsten.

I oktober hadde vi konfirmanthelg «Bo-hjemme-leir» i kirken og på kyrkjelydshuset. Vi hadde aktiviteter, undervisning og mat i løpet av fredag og lørdag, og deltagelse på gudstjeneste på søndag. Alle sov hjemme.

Det er 81 konfirmanter skoleåret 2021-2022.

TEAM konfirmant

Ansvarlig for gruppene var: kateketene Cathrine og Gro, ungdomsarbeider Matias med Kari S. og prest Kristin.

Cathrine Snipsøy, kateket

Vegkryss 21

Fire frå kyrkjelyden var med på Bjørgvin bispedøme sin ungdomsleiarkonferanse for ungdomar frå 10.klasse og eldre, som er engasjerte i ungdomsarbeidet i ei kyrkje i Bjørgvin bispedøme. Det var ungdomsting – det er kyrkja sitte eige ungdomsdemokrati som vel eit ungdomsråd. Konferansen skal byggja fellesskap, gi lærdom og nye idear på tvers av soknegrensene i heile Bjørgvin.

Gratulerar!

Bkfs kulturpris 2021 gjekk til Olav Arne Steinkopf for å inspirere til innovativt og aktivt kulturarbeid. Kyrkjevevja overekte prisen og sa: "Kantoren ble nominert for arbeidet med å fornye og aktualisere salmeskatten. Særlig arbeidet for at nye generasjonar skal lære salmene å kjenne å bli glade i de. Steinkopf er med på å skape et gudstjenesteliv som blomstrar, og med fellesskap som oppleves mer åpent, deltakende og inkluderende for de som kanskje ikke er i kirken så ofte".



Kyrkjemusikalsk arbeid

Kantor leder sangen og musikken i gudstjenester, begravelser og vielser. Kantor arrangerer/deltar på konserter, arrangerer salmekvelder og underviser i orgelspill. I tillegg er han med på gudstjeneste for «Klubben» en gang i måneden. Kantor er også med på påskevandring og julevandring med barnehagene. Kantor har prosjektkor og er dirigent for Arna og Ytre Arna kyrkjekor.

På lik linje med 2020 har året 2021 vært preget av koronapandemi med tilhørende restriksjoner. Dette har lagt sterke føringer for hva som har vært mulig å gjennomføre. Gudstjenester og konserter har blitt avlyst. Det samme gjelder øvinger med kyrkjekoret. Gospelprosjekt helgen 20.-22. februar ble avlyst/utsatt. Våren 2021 var det bare en samling for kyrkjekoret. Høsten var litt mer normal for kyrkjekoret sin del.

I 2020 fikk Arna sokneråd utviklingsmidler fra kirkerådet og støtte fra OVF til et prosjekt som fikk arbeidstittelen: «Spennende nye salmearrangement for barn og unge». Dette er et prosjekt som kantor har brukt mye tid på. Våren 2021 ble brukt til lydinnspilling i «Studio Vestavind» og i Bergen domkirke. Sommer og høst ble brukt til finpussing og ferdigstilling av notemateriale. Resultatet er et ressurshefte rettet mot kirkemusikere, kateketer, trosopplærere, prester og ungdomsarbeidere. Dette er utgitt på Lycke musikkforlag. Lydfilene er ute på strømmetjenester

Kantor har fått mulighet til å presentere prosjektet ved flere anledninger. I august ved "kick-off" for ansatte i Bergen kirkelige fellesråd i "Forum scene". I september ved en minikonsert i Bergen domkirke for ledergruppene ved de 4 største fellesrådene. I november ved stiftsmøte for prestene i Bjørgvin, dette også i Bergen.

Konserter

29. april kl.18 «Concert Romantique» med kantor og Cathrine Snipsøy. Denne konserten ble arrangert i samarbeid med «kulturdagane i Arna»

17. juni kl 19.30. De unges konsert. Konsert med Arne musikkforening. Kantor deltok med klaverakkompangement.

2. desember kl.18 Adventskonsert. Her deltok Arna og Ytre Arna kyrkjekor sammen med prosjektkor. Sangsolister var Viktoria Hop og Cathrine Snipsøy. I tillegg medvirket Øystein Høyenes – bass og Sigurd Steinkopf – trommer. Musikalsk ansvarlig var kantor.

Kantor ønsker å ha et godt samarbeid med lokale kor og korps. Søndag 5. desember deltok blåsere fra Arne Musikkforening på gudstjenesten.

Kantor Olav Arne Steinkopf



Arna- og Ytre Arna kyrkjekor

Året 2021 har for korsongarar vore eit vanskeleg år, spesielt vårhalvåret. Om dei første seks månadane kunne ein vere freista til seie som Dronning Elizabeth, «annus horribilis», eit forferdeleg år. Korona-restriksjonane sto i kø og dei vart forandra stadig vekk. Så planlegging var ganske umogleg. Etter samråd med dirigent og kormedlemmer vart det bestemt at kora tok pause til hausten. Den 10. juni hadde kora ei sosial samling med litt å bita i, for å markera at vårsemesteret var slutt. Haustsemesteret starta med styremøte og øving torsdag 2. september og vart avslutta torsdag 9. desember. Me hadde 10 øvingar i perioden. Fem som prosjektkor til Adventskonserten.

Felles styre 2021

Leiar	Alice Bjørnestad
Nestleiar	Kirsti Rolland
Kasserar	Marianne Fanebust (Kyrkjekontoret. Ho fører rekneskapen for kora.)
Skrivar	Tor Nævdal
Servering	Egil Vestbøstad (Er flytta til Stavanger)
Styremedlem	Randi Daae Stordal
Varamedlem	Ingrid Velure

Oppdrag haust

Gudstenester i Arna kyrkje: 19. september, 31. oktober.
Arna kyrkjelydshus: Temakveld, 7. oktober.

Adventskonsert 2. desember

Medverkande: Prosjektkor med Arna og Ytre Arna kyrkjekor, Victoria Hop og Cathrine Snipsøyr - song, Thomas Nøkling - saksofon, Sigurd Steinkopf - trommer, Øystein Høyenes - bass. Kantor Olav Arne Steinkopf - musikalsk leiar.

Kora hadde ved årsskiftet 18 aktive medlemmer. Dirigent var kantor Arne Olav Steinkopf.

Tor Nævdal

Diakoniutvalet

Utvalgets medlemmer

Svanhild Olsen Lie (leder), Torbjørg Mjelde, Bjørg Skartveit, Evelyn Haldorsen og Randi Daae Stordal (sekretær).

I løpet av våren var Svanhild tilbake som leder. Seniorprest Børge Ryland som representerte staben og var sekretær en kort tid, avslutta sitt arbeid i Arna på våren. Randi overtok derfor sekretærjobben fast.

Utvalget har hatt færre fysiske møter, men holdt kontakt via telefon. Det har vært en tydelig tilbakemelding fra staben, at diakonien fortsatt legger vekt på møteplasser.

Laurdagsgraut. På høsten startet vi derfor opp igjen med graut siste lørdag i måneden, med de nødvendige smittevernregler. Møyfrid hadde aktivitet utendørs for barna med bla spørsmålsrunde rundt Kyrkjelydshuset og samling i Sakkeusparken. Vi feiret stort 5 årsjubileum for oppstart av laurdagsgraut med flotte jubileumskaker for voksne og barn!

Møyfrid fortsetter sitt engasjement på laurdagsgrauten, da denne nå regnes som del av hennes stilling i Sakkeus open barnehage.

Open kyrkjestove. Da staben ikke lenger kunne ta et ansvar for tilbudet hver fredag, sa Kari Secher seg villig til å ta på seg dette, og prøve å finne et par andre medhjelpere. Staben vil komme innom i sin matpause når de har anledning. Torbjørg vil hjelpe til når pandemisituasjonen har bedret seg.

Temadag. På høsten fikk vi besøk av integreringsprest, Roar Strømme, fra Bjørgvin bispedømme. Staben hadde stilt opp med den praktiske forberedelse. Kyrkjekoret deltok. Dessverre kom det få mennesker i forhold til forventet, men de som var til stede møtte en engasjert foredragsholder og fikk en lærerik kveld!

Andre saker. Seniorsenteret tok kontakt med tanke på om utvalget hadde mulighet til å ha en mer sosial rolle på tirsdager og torsdager under middagsserveringen. Man var bekymret for at eldre som ble sittende mye alene nå i pandemitiden, heller ikke fikk noen å snakke med når de kom til middag. I første omgang ble alle medlemmene i utvalget bedt om å «reklamere» for tilbudet, med vektlegging på at dette tilbudet gjelder for alle! Ingen er for ung! Denne saken er ikke avsluttet.

Diakonifrokosten som pleier arrangeres på våren, måtte avlyses pga. pandemien.

De øvrige tiltak under diakoniparaplyen avgir egne årsmeldinger.

Randi Daae Stordal, sekretær

Hjartebanken

Aktiviteten for 2021 blei som for 2020 prega av koronasituasjonen. Talet på oppdrag var på om lag same nivå som for 2020, men med noko høgare timebruk.

Årstal	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Timar	237	438	612	821	656	352,5	435,5
Oppdrag	93	157	234	370	321	268	266

Tala gjeld registrerte (og rapporterte) tenester. Tid til møter og organisering av tenesta kjem i tillegg til tala ovanfor.

Nokre **oppdrag/tenester** har i periodar stoppa opp. Kyrkjeskys kom i gang i mars/april og har seinare vore regelmessig. Medvandrartenesta på Utløbakken starta opp ei kort periode i sumar, måtte stoppe tidleg i haust, men har sidan oktober vore regelmessig. Nytt for 2021 var å hente mat frå Matsentralen og levere til rusavhengige på Lonemarka. Dette blei diverre stoppa av brannen der.

Det som utgjer største delen av våre tenester, individuell kontakt med brukarar, har i liten grad blitt påverka av pandemien.

Summert har vi utført følgjande teneste: Kyrkjeskys, medvandrarteneste, hente og levere mat til Lonemarka, besøksteneste, turven, anna skyssteneste, hjelp til å handle, hagearbeid, male/snikkararbeid.

Vi har hatt 20 (19 i 2020) **brukarar av tenesta**. I tillegg kjem bebruarane på Lonemarka og brukarane av Medvandrartenesta på Utløbakken.

Av dei 40 **innskytarane** vi har på lista vår har 24 vore aktive i år (26 i 2020). Og i år er det naturleg å trekke fram ei kjerne av 8 personar som har hatt jamleg individuell kontakt med brukarane gjennom heile pandemien. Nokre tal om dette: Dei har besøkt 13 brukarar 176 gongar - brukt totalt 287,5 timar. Dette utgjer om lag 65 % av aktiviteten vår i 2021.

I år blei det mogleg å arrangere inspirasjonssamling/treff for innskytarane. Mange (heile 20 personar) fekk bl.a. høyre Ottar Hope fortelje om «diakoni - ute og heime».

Hjartebank-komiteen har hatt 3 møte i 2021.

Komiteen vil rette ein stor takk til alle som gjer innsats for Hjartebanken!

«Der barmhjertighet og kjærlighet bor, der er også Gud», Taize, Norsk salmebok nr. 680.

Kristin Hjertaker (s)

Leif Grøteide (s)

Evelyn Haldorsen (s)

Jostein Monstad (s)

Stig Stordal (s)

Klubben

Klubben møttest onsdagar kl. 18-20, med fri som skuleferien. På klubbkveldane er det aktivitetar som puslespel, TV-spel, bingo eller formingsaktivitetar. Måltidet er ein viktig del av klubbkvelden. Dei frivillige på kjøkkenet er viktige medarbeidarar. Nokre av klubbmedlemmene likar å være med på kjøkkenet. Det å lage mat saman gir god anledning til ei pratetund med våre gode kjøkkenhjelparar.

Covid-restriksjonar prega også dette året. Styret for Klubben avlyste julefesten i januar.

I vårhalvåret valgte vi å kun ha ope for heimebuande, og hadde 4 faste gjester. Dei møtte trufast kvar veke, og vi opplevde at Klubben var ein viktig møttestad i ei krevjande tid. Vi serverte kaffimat og frukt utan å ha kjøkkenhjelparar.

Under Kultur dagar i Arna arrangerte Klubben open kyrkje onsdag 28. april, i staden for den tradisjonelle Kulturkafeen. Det var grilling og steiking av lappar ute i Sakkeusparken. Erik Rodal hjalp til med å ha open kyrkje. Det kom ikkje mange gjester, men det vart ein kjekk kveld.

I haust starta Klubben 18. august for heimebuande, og for bofelleskapa 1. september. Pågangen var så stor at vi av smittehensyn måtte byte lokale og flytte tilbake til hovedetasjen. Kjøkkenmedarbeidarane kunne få komme tilbake, til stor glede for alle. Litt koronatilpassing har det vore med servering mm, og det har fungert veldig godt.

I haust har opptil 12 brukarar møtt kvar onsdag, nokre av dei i følge med støttekontakt eller personale fra bufellesskap. Dette er ei auke på 5 personar frå med året før.

Vi hadde klubbgodstenester kun i vårhalvåret i 2021. Prestane Ingvar Fløysvik og Kristin Hjertaker hadde desse saman med kantor Olav Arne Steinkopf. Klubbgodstenesta har eigen tilpassa liturgi og faste salmar, noko som gir forutsigbarhet og trygghet.

Integreringsprest Roar Strømme inviterte til inspirasjonssamling for klubbarbeidarar. Klubbleiar deltok, saman med Erik Rodal og Svanhild Olsen-Lie. Strømme var også med på temakveld i kyrkjelyden, arrangert av diakoniutvalet.

Klubben fekk ein flott pengesum i minnegåve etter gravferda til Turid Mjelde. Det er vi svært takksame for. Vi minnst Turid med stor takk og respekt for alt arbeidet ho har gjort for Klubben heilt frå oppstarten av.

Styret for klubben består av:

Svanhild Olsen-Lie, styreleiar

Elisabeth Garnes

Hans Martin Svarstad

Sigurd Opheim, klubbleiar

Sigurd Opheim, klubbleiar

Misjonsnemnda

I Misjonsnemnda sit Ottar Hope, Berit Ljones, Johanne Drageide og Jan Kåre Jakobsen. Misjonsundag gjekk ut, det var ikkje lov å samlast til gudsteneste. Det ble spelt inn ei samtale om misjon som ble lagt på nettet.

Misjonsavtaler

Kyrkjelyden har misjonsavtale med NMS - Etiopia, og bønneavtale med Normisjon - i Gulni, Bangladesh. Det var 3 offer til Etiopia, det kom inn kr 7350. Det var 4 offer til Normisjon, det kom inn kr 23840.

Kirkens SOS i Bjørgvin

Arna kyrkjelyd er medeigar i Kirkens SOS i Bjørgvin og støtter årleg økonomisk. Det blei samla inn kr 9300,-. Kirkens SOS er landets største kriseteneste. Menneske tek kontakt gjennom telefonsamtalar, SOS-chatter og SOS meldingar heile døgret. Under koronapandemien opplever Kirkens SOS ekstra stor pågang.

Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen

I mars 2021 skulle det ha vore bøsseaksjon – det ble i staden ein digital aksjon direkte til Kirkens Nødhjelp. Kr 5850 kom inn som offer 14. mars.

Strikk til barn i Nepal

Strikkeprosjektet engasjerer mange! Tepper, kuvøsegensarar, luer og sokkar kjem inn til barna på Okhaldhunga Hospital i Nepal. Sjølv med «stengt» kontor har det blitt levert mykje strikketøy.

Takk til alle med flittige hender som held pinnane gåande!



Foto: Facebook, Bøhler

Arna sokneråd 2019-2023

Faste medlemmer

Bjarte Abildgaard	
Kristin Haukaas	nestleiar
Audun Stølås	
Steffen Mjelde	
Hans Martin Svarstad	leiar
Torill Vik Johannessen	
Svanhild Lunde Olsen-Lie	<i>fritak</i>
Erik Rodal	
Jostein Monstad	
Kristin Hjertaker	sokneprest

Varamedlemmer

Elisabeth A. Garnes	<i>fritak</i>
Johannes Eman	
Ann Helen H. Folkvord	<i>fritak</i>
Kari Secher	

Arna sokneråd sitt arbeid

Soknerådet har hatt 9 møter. Årsmøtet 13. mars kunne gjennomførast.

Av saker soknerådet har handsama vil vi nemne følgjande:

- Koronapandemi - nedstenging/ gjenopning, tilpassing av gudstenester og anna aktivitet
- Nedbemanning i Bkf, oppseiing av koordinator
- Fast prestestilling, utlysing (inga tilsetting)
- Organisering av frivillige medarbeidarar
- Søknad om midlar til diakonressurs
- Strategisamling for sokneråd og tilsette
- Høyring: Kyrkjeleg organisering
- Kyrkjelydsblad - oppseiing av avtale om felles prostiblad
- Aksjon DÅP
- Sal av Akasia-barnehagane, inkl. Arna kyrkjelyd sin b.hg.
- Faste poster: møteplan, økonomisaker, offertildeling, årsmelding

Arbeidsutval

Leiar Hans Martin Svarstad, nestleiar Kristin Haukaas og sokneprest Kristin Hjertaker.

Bergen kirkelige fellesråd

er samansett av representantar frå alle sokneråda i Bergen kommune. Hans Martin Svarstad sit som Arna sokneråd sin representant. Bjarte Abildgaard er vararepresentant.

Framstilling i høve likestilling og diskrimineringslovgivinga

Arna sokn

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i styrande organ avgjerast gjennom demokratiske val. Dei 8 medlemmene i Arna sokneråd veljast av soknets medlemmer kvart 4. år. For perioden 2019-2023 viste valresultatet at fordelinga av rådets folkevalde, faste medlemmer er 3 kvinner og 5 menn.

Likestillingstiltak

Dei fleste som arbeider i Arna kyrkjelyd er tilsett hos Bergen kirkelige fellesråd eller Bjørgvin bispedøme. Som arbeidsgivarar har organisasjonane aktive strategiar for å unngå diskriminering og kan setje i verk tiltak om nødvendig. Arna sokn har nokre få tilsette i små engasjement/stillingar, og soknerådet har samarbeids-avtale med fellesrådet om det formelle arbeidsgjevaransvaret og lønnsutbetaling for nokre av desse.

Avgrensingar

Arna sokn har inga avgrensingar når det gjeld tilgang til egne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eit eller fleire diskrimineringsgrunnlag. Det er heller ikkje segregerte, herunder kjønnsdelte, aktivitetar eller tilbod.

Tilgang for menneske med funksjonsnedsetting med tanke på universell utforming av bygg: Det er teleslynge for dei med nedsett høyrsel i kyrkjerom og kyrkjelydshus. Det manglar m.a. leie-liner for synshemma til kyrkjedøra. Med trinnfri tilkomst til kyrkjerommet, er det lett for rørsle-hemma å komme inn. Opp trappa i koret er det lause skinner som ikkje fungerer godt nok. Det finnes HC-toalett i begge etasjar i kyrkjelydshuset. Arna kyrkjelyd har eit tilrettelagte tilbod til menneske med funksjonsutfordringar, det er Klubben som samlast kvar onsdag.

Frivillighetsarbeidet

Alle medarbeidarkoordinatorane i Bkf ble sagt opp i 2021. Bkf oppretta fire 100% stillingar i eit frivillighetsteam. Dei skal støtte kyrkjelydane i arbeidet med rekruttering og oppfølging av frivillige. Teamet skal jobbe prosjektbasert inn mot kyrkjelydane, og det ble oppfordra til å setje i gang prosjekt for å finne måtar å løyse oppgåvene utan ein lokal koordinator. På samlinga for stab og sokneråd var strategi for organisering av medarbeidarar tema og i år. Arna sokneråd sendte søknad til Bkf og på fellesrådsmøtet i desember 2021, fekk Arna kyrkjelyd tildelt 20 % prosjektleiar frå Bkfs frivillighetsteam i eit år.



Tilsette

Cathrine Snipsøy	kateket	100 %
Olav Arne Steinkopf	kantor	100 %
Monica Ohr	kyrkjetenar Arna og Ytre Arna	100 %
Kristin Hjertaker	sokneprest Arna	100 %
Ingvar Fløysvik	sokneprest Ytre Arna	30 %
Børge Ryland	Seniorprest, til febr.	80 %
Gro Eman	Trusopplærer (kateket)	80 %
Marianne W. Fanebust	administrasjonsleiar	60 %
Møyfrid N. Opheim	medarbeidarkoordinator, til april	45 %
Møyfrid N. Opheim	styrar, Sakkeus open barnehage	25 %
Sigurd Opheim	assistent, Sakkeus open barnehage	20 %
Jørn Skauge	organist Ytre Arna. Gravferd tysdag, andakt Arna helseheim 2.kvar ons.	
Jorunn Dahle	vaktmeister på kyrkjelydshuset	
Sigurd Opheim	leiar i Klubben	
Toril Nelson	kyrkjetenar, deltid, til jan.22	
Elin B. Jeppesen	kyrkjetenar, deltid, til mai	
Karina Opheim	kyrkjetenar, deltid, frå sept.	
Matias Garnes	Ungdomsarbeidar, 1. halvår	

Hjarteleg takk

Kyrkjelyden måtte på vårparten takke av Møyfrid som koordinator. Vi har satt umåteleg pris på arbeidet ho har gjort og har stor respekt for hennar engasjement for kyrkjelyden.

Ein stor takk

Vi gler oss over å kunne gå over til tilnærma normal drift. Takk til eit samla lag av medarbeidarar som over 2 år har sørge for godt smittevern, rask omstilling til nye regler og at kyrkja har vært tilgjengeleg og open for mange menneske gjennom denne vanskelege tida. Vi har alle gjort oss erfaringar om det å jobbe gjennom krise som vi skal lære av og ta med vidare.

Aktivitetar, nemnder, styre og utval

BARN, UNGE OG FAMILIAR

- Trusopplæringsutval
- Trusopplæringstiltak
- Sakkeus open barnehage
- Familiekoret
- Søndagsklubben
- Ungdomsleiarar
- Barnehage/ kyrkje-samarbeid
- Arna kyrkjelyds barnehage (solgt i des.): representant i samarbeidsutval (SU)

GUDSTENESTELIV

- Gudstenestemedarbeidargrupper
- Forsongarar
- Livsnære grupper, leiargruppe
- Kyrkjekaffi-grupper
- Bønenemnd
- Gudstenester for Klubben
- Gudstenester/ andakter for eldre på Arna helseheim
- Andakter på Arna seniorsenter, på Utløbakken og Stølsvegen dagsenter

DIAKONI

- Diakoniutval
- Hjardebanken
- Open kyrkjestove og Grautlørddag
- Minnegudsteneste
- Klubben, styret og kjøkkengjeng
- Temakveld
- Songstund på Arna helseheim
- Arna seniorsenter, repr. i styret, inkl. leiar
- Strikkekafé – siste tor. kvar månad i kyrkjestova
- 50-årskonfirmantar vart invitert til gudsteneste

MUSIKK

- Arna og Ytre Arna kyrkjekor
- Temagudstenester; forsongarar og band
- Musikarar på gudstenester
- Samarbeid med Haukeland songlag og Arne Musikforening
- Prosjektkor
- Orgel-elevar

SOKNERÅD

- Arbeidsutval
- Årsmøte
- Strategisamling for sokneråd og stab
- Fellesrådet; representant + vara
- NMS misjonsavtale og NMS-kontakt
- Normisjon misjonsavtale
- Kirkens Nødhjelp-kontakt
- Kirkens SOS-kontakt
- Bibelselskapet-kontakt

KYRKJELYDSHUS

- Styret for Arna kyrkjelydshus
- Utleige
- Dugnadsgjeng - vedlikehold inne og ute
- Dugnadsgjeng - minnesamvær
- Dugnadsgjeng - Kirkeringer
- Vaktmester
- Basarkomiteé

ANNA ARBEID

- Namu-nemnd for Naturlig menighetsutvikling
- Styret for felles kyrkjelydsblad Åsane prosti
- Lokal redaksjon kyrkjelydsbladet Arna/ Ytre Arna
- Mottak og distribusjon (30 bladbod) av kyrkjelydsbladet
- Offernemnd
- Misjonsnemnd
- Kirkens Nødhjelp/ Fasteaksjonen, dugnad

ARNA KYRKJELYDSHUS



HUSSTYRET har bestått av følgende:

Leder	Leif Grøteide
Nestleder	Björg Hellesøy
Kasserer	Kari Claussen 1. vara
Sekretær	Jorunn Dahle + vaktmester
Styremedl.	Reidar Kvinge
Vara	Tone Haldorsen
Vara	Jan Ove Garnes
Soknerådets repr.	Bjarte Abildgaard
Vara sokneråd	Steffen Mjelde

HUSSTYRET har hatt 4 styremøter dette året samt arbeidsutvalgsmøter og dugnad både inne og ute. Det har ikke vært behov for flere styremøter pga. CV19 og husets bruk.

Utleie/bruk av Kyrkjelydshuset 2021

Arna Seniorsenter	71	Misjonsforening	9
Sakkeus open barnehage	27	Diakoniutvalget	1
Babysang	25	Lørdagsgraut	4
Kyrkjekor/Prosjektkor	16	Vi et jula ut	0
Konfirmantundervisning	26	Hjartebank	1
Trosoplæring	1	K-Forum	1
Familiekor	10	Husstyret	4
Korseminar	1	Kyrkjeringane	3
Temasamling	3	Basar på nettet	1
Bibeltid/smågrupper	2	Minnesamvær	7
Tårnagenter	0	Misjonsdag	0
Klubben	15	Julefester	0
Soknerådet	15	Dåpsfest	6
Bønnestund, tirsdag	0	Konfirmasjon	4
Staben	2	Andre utleige	3
Kyrkjekaffi	0	Seniordans	13
Søndagsklubben	4	Julespel	1
Sorgsamling	1	18-års markering	2

Mulig at ikke alt er gjennomført, glemt å stryke i utleieboken mm. Hjemmekontor for staben, glemt å føre inn, glemt å stryke o.l. Kjellerstova: brukes til forskjellig, spesielt når andre rom på huset er i bruk. Dersom noe mangler ovenfor (antall feil) så henger nok dette sammen med CV19 også dette året.

DUGNAD: I forbindelse med rensing av takrenner mm, så er det Leif og Reidar som tar seg av dette. Leif ønsker en ny ansvarlig leder for dette og det jobbes med det. Styrets leder, vaktmester samt andre styremedlemmer er regelmessig innom huset og tar forefallende arbeid. Arkivskap fra loft kontoret ble flyttet ned i lagerrommet i 1. etg. En hylle over kjøkkenbenken oppe på loft Nord montert. Toppbordet ved inngangspartiet er pusset og malt.



ANNET DUGNAD SARBEID

I forbindelse med **minnesamvær** er der mange frivillige personer som stiller opp til kjøkken-tjeneste, borddekking, servering, oppvask og rydding mm. Minnesamværene har tatt seg litt opp igjen, men også dette året har det vært mindre pga. CV19. 50 personer har vært maks antall.

I TILLEGG er det også andre som har gjort dugnad på huset i løpet av året. Husstyret inviterte hjelperne/ dugnadsfolkene m/partner i desember til en hyggelig kveld med god mat.

KIRKERINGENE har ikke hatt den årlige dagen med vask pga. CV19 men også fordi huset har vært lite brukt. Tone har gått over stolene, så de skal være ok så langt.

RENHOLD det er AKASIA vasker hver morgen på ukedager hele året unntatt juli. En del av 2021 har det vært lite vask og da har vi fått redusert regningen. Enkelte ganger har vi hatt behov for vask en lørdag eller søndag, da blir Akasia for dyr, så vi har fått Karina Opheim til å ta den jobben.

VINDUENE er blitt vasket av innleiet vaskehjelp, dette året ble dette gjort i juli fordi det meste, konfirmasjonsfester mm, var utsatt fra mai til september.

FORNYING: Kjølemotoren i kjølerommet sluttet å virke -den var gammel, svarte seg ikke med reparasjon. Ny ble kjøpt og installert ca. kr 20000,-

GAVER: Bjarte har fått to hendige talerstoler - dvs. at den store som ikke blir brukt, er demontert Marianne kom med 10 brukte stoler, disse ble byttet ut med de grå som var veldig slitt. Tone kjørte bort de defekte stolene.



ÅRSKONTROLLER: alt slukkeutstyr er kontrollert og utført av BSV Fire Protection & Safety. Frøland & Noss kontroll på brannsentralen, detektorer mm. Bergen Brannvesen har hatt full kontroll på husets elektriske anlegg – få avvik som nå er rettet og tilbakemeldt.

BKK hadde 1 hel dags arbeid i forbindelse med noe omlegging i hovedsikringsskapet i underetasjen. Ingen kostnader for kyrkjelydshuset.

ØKONOMI

Huset har bra økonomi og er gjeldfri. CV19 har allikevel grepet inn, vedlikehold koster og dette året har vi også tapt mye inntekt på utleie, basaren ga mye mindre.

BASAREN: pga. CV19 ble det ingen vanlig basar i år heller, vi satset på loddbøker. Basardagen ble som planlagt lørdag 18.september m/ trekking digitalt på nettet. Kristin prest hadde en andakt før trekking av bøkene. Resultatet ble kr 66.000,-.

UTLEIEPRISER har ikke vært regulert siden 2013. Nye priser fra 01.01.2022.

Husleie Seniorsenteret - her blir husleien stående mot at huset overtar frisør-rommet.

DELOITTE, revisor for Arna sokn, anbefaler Kyrkjelydshuset å skifte bank til Dnb – dette har med juridisk eierskap å gjøre. Styret v/Tone og Kari sammen med Marianne Fanebust, har sjekket opp i dette. Overføringen til ny konto, fullmakter mm. trådte i kraft 01.01.22.

FASTE LEIETAKERE: Arna Seniorsenter, Bergen kirkelige fellesråd, Sakkeus Open barnehage og Arna Seniordans.

STYRETS FUNKSJONSTID - GJELDENE FRA 01.01.2021

Valg av styret sine medlemmer ble slik (2 år)			Funksjonstid
Leder	Leif Grøteide	ikke på valg	2021-2022
Nestleder	Bjørge Hellesøy	gjenvolgt	2022-2023
Kasserer	Kari Claussen	gjenvolgt	2022-2023
Sekretær	Jorunn Dahle	ikke på valg	2021-2022
Styremedlem	Reidar Kvinge	gjenvolgt	2022-2023
1.vara	Tone L. Haldorsen	ikke på valg	2021-2022
2.vara	Jan Ove Garnes	gjenvolgt	2022-2023
Soknerådets repr.	Bjarte Abildgaard		2019-2023

Det har vært et spesielt år, som for alle andre, også for Kyrkjelydshuset – CV19 har medført at veldig mange bestillinger er blitt kansellert, minnesamvær mm har vi ikke kunne ta imot – det har gått utover menighetsarbeid med mye mer – men vi har fulgt med og forholdt oss til alle regler.

Husstyret takker for året som har gått.

Leif Grøteide Bjørge Hellesøy Jorunn Dahle Kari Claussen Reidar Kvinge

Jan Ove Garnes Tone Lægroid Haldorsen Bjarte Abildgaard

Bygg

Arna kyrkje, Kyrkjestova, Takvam kapell

Bergen kirkelige fellesråd er ansvarleg for drift og vedlikehald. Driftsteknikar frå Akasia, Bjarte Husa, gjer ein framifrå jobb. Akasia Renhold AS vaskar kyrkje og kyrkjelydshus.

- Arna kyrkje fekk SD-anlegg (sentral varmestyring) like før jul.
- Takvam kapell - ikon over alteret, av Solrun Nes, oppgradering med reinsking og nytt gull.

Borgstova

Gravplassmyndighetene i Bergen står for drift/ vedlikehald. Gravplassarbeidarane har spiserom i 1. etasje. Arna gravferdsbyrå leiger nokre rom i 1. etasje.

Sakkeus-parken

Leikeplassen fekk belysning/ utelampar. Finansiert av Sakkeus open barnehage.

Gravplassane - Arna kyrkjegard og Mjeldheim gravplass

Arbeidet med å få drenert overflatevann på Mjeldheim har starta.

Anleggsområde ved kyrkja

Fortsatt mykje aktivitet ifb. med ny tunell, oppgradering av stasjonen og området rundt.



Kommunikasjon

Felles kyrkjelydsblad

Bladet har i 2021 hatt et opplag på 30.700, og det har vært 5 utgivelser, med et sidetall på 12 sider felles, og 8 sider lokalt for hver menighet. Bladet distribueres fysisk til alle husstander og institusjoner i prostiet, og er også tilgjengelig på menighetene sine nettsider. I et år hvor korona har ført til at kirkene har hatt sterke begrensninger på hvor mange som kan delta på gudstjenester og andre samlinger, har menighetsbladet en viktig oppgave i å formidle kirkens budskap og opprett-holde den fysiske kontakten med beboerne i prostiet.



Styret har hatt 5 styremøter, fire av disse har vært digitale møter. Styret arrangerte også et fellesmøte for redaksjonskomiteer og representanter for menighetsrådene i juni. Formålet var å orientere om driften, økonomiske utfordringer og hva ønskes menighetene med bladet. Menighetsrådene har hatt saken på dagsorden en tid. Arna og Ytre Arna har besluttet å trekke seg fra samarbeidet fra og med 2022.

Bladet har gått med underskudd de to siste årene, pga. økte produksjonskostnader og reduserte annonseinntekter. Bladpengene og gaver fra leserne viser en hyggelig økning i 2021. Underskuddene tærer på egenkapitalen, og styret har etter innspill fra menighetsrådene vedtatt 4 utgivelser i 2022.

Jeg vil takke vår redaktør Magne Fonn Hafskor og alle gode bidragsyttere, og alle dere som bidrar økonomisk. Jeg håper at dere har glede av bladet, og takker for bidrag og støtte.

Bjarte Flaten, styreleder

Kyrkjelydsblad - Lokal redaksjonsnemnd

Desse var lokal redaksjonsnemnd: Ingvar Fløysvik, Erik Rodal, Tor Oddvar Holmefjord og Kristin Haukaas. I tråd med vedtak i Arna sokneråd og Ytre Arna sokneråd starta ein arbeidet med å utvikla nytt, heilt lokalt kyrkjelydsblad hausten 2021. Det er inngått avtale om design og trykk med Bodoni. Frå 2022 er Kristin Hjertaker også med i komiteen, som redaktør for bladet.

Facebook, heimeside, Instagram

Arna kyrkjelyd har ca. 500 følgjarar på Facebook (@arnakyrkje), og det har i 2021 blitt publisert informasjon om gudstjenester, open kyrkje, konsertar, trusopplæringstiltak og andre arrangement – samt oppdateringar om smittevernreglar etc. Ein del av Facebook-postane blir også i aukande grad delt vidare av andre, slik at ein når vidare ut med informasjonen. Også i 2021 har staben med hjelp frå frivillige laga korte videoar som har blitt publisert i periodar med nedstenging eller sterkt redusert gudstjenestetilbod som følgje av pandemien.

Nytt i 2021 var at kyrkjelyden fekk eigen profil på Instagram på forsommaren: arna_kyrkje. Denne er førebels mindre brukt enn Facebook-profilen, og her er det rom for utvikling og meir bruk av fleire grupper i kyrkjelyden.

Informasjon om kyrkjelyden sine kontoar på Facebook og Instagram er alltid med i trykte gudstjenesteprogram, til dømes i dåpsgudstjenester. Det blir også informert om i dåpssamtalar og liknande. Det er så mykje enklare å publisera små og store nyheiter og kunngjeringar på sosiale medium enn på heimesida, at det er naturleg at desse blir mest brukte.

Nokre av postane på Facebook når mellom 500 og 1000 personar, mens enkelte har nådd fleire tusen. Dermed er Facebook framleis ein viktig kanal for å profilera kyrkjelyden sine tilbod til fleire enn dei som til vanleg kjem til kyrkja. Med meir aktiv bruk av Instagram kan ein også nå målgrupper som ikkje bruker Facebook.

Heimesida blir oppdatert relativt jamleg. Den har ein viktig funksjon for personar som sjølv oppsøker informasjon om Arna kyrkjelyd, ønskjer informasjon om dåp og vigsel etc. Det er god bruk for ein eigen ressurs til å arbeida meir systematisk med digital kommunikasjon på ulike plattformer.

Arna kyrkjelyd har blitt meir synleg i 2021. Nye rollupar, strandflagg og t-skjorter var klare til utegudstenestene 22. august. I tillegg har det vore nokre debattinnlegg og oppslag i Bygdanytt, BA og BT samt messeavis. Soknepresten har også prioritert samarbeid med lokale lag og organisasjonar som lokallaga til Rotary, Lions, Sanitetsforeningen, politiske parti, Arna-Bjørnar, Arne Musikforening og næringsliv i nabolaget. Initiativet til samarbeid har kome frå ulike partar.

Statistikk

Arna sokn	2012	2014	2016	2018	2019	2020	2021
døypte	82	87	59	46	83	60	59
konfirmerte	88	101	80	72	79	93	84
vigsel	13	5	10	14	7	5	8
gravferd	95	70	73	62	90	88	67+12

Den norske kyrkja, Arna sokn **Innmeldingar** 2 (5) Tal i parentes er frå 2020.
Utmeldingar 26 (25)

Arna sokn - talet på medlemmer Alle 7684 (7817) medlemmer
 0-18 år 1459 (1487) medlemmer

Økonomi

Rekneskapsførsel og revisjon

Arna sokn sin rekneskapsførsel vert ivaretatt v Bergen kirkelige fellesråd ved Aider AS. Revisor er Deloitte AS. Administrasjonsleiar har ansvar for økonomistyring, offerhandsaming, handtering av bilag, givarteneste, innkjøp, samt å leggje frem økonomiske rapporter og årsrekneskap for soknerådet. Arna sokneråd godkjenner årleg budsjett for Arna sokn. Det er Arna sokneråd sin vurdering at årsrekneskapen syner eit korrekt bilete av resultat og stilling per 31. desember 2021. Driftsrekneskapen vart oppgjort med eit netto driftsresultat med eit mindreforbruk på kr 596329. Fastsettinga av årets meir-/ mindreforbruk vert vedteken av soknerådet.